

Frå: Anne Lise Molvik
Send: onsdag 4. mai 2022 16:40
Til: Mette Kyed Thorson
Emne: Vedkomande trafobygg - gbnr 177/2 Neset
Vedlegg: Kartutsnitt med trafobygg M 1-500.pdf

Hei Mette Kyed Thorson


Eg viser til telefonsamtale i dag vedkomande søknad om trafobygg på gbnr 177/2. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen for Nesfossen nærings- og industriområde. Reguleringsplanen gjeld, men vert supplert/endra av kommunedelplanen for Lindås der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet.

Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen, men av kartutsnitt ser ein at skjæring bak trafobygget vil koma innanfor omsynssona langs den Trondhjemske postveg som ligg i kommunedelplanen. Det går fram av føresegn 4.2.4 i KDP at

a) Den Trondhjemske postvei

Heile det historiske veganlegget *Den Trondhjemske postvei* innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.



Vi ønskjer tilbakemelding frå søkjar på om det er mogleg å justera plasseringa av bygget noko slik at minst mogleg av skjæringa kjem innanfor omsynssona langs postvegen, før vi gjer ei endeleg vurdering av tiltaket.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE